

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste nr, 36

Fylke:

Tilleggsspørsmål nr. helsing Fakter

Herad:

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter O, Stavdal

Gard:

(adresse): Stordal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Måtar å refse folk på.

Og "slå i holme" eller "skjera i holme" på åkern var ein hånande ting for han som det gjikk utåver, Det var helst i "duuna" (ein duuna", dugnad) at slike karsstykke var gjort.

Skurakallen var nømn på ein utkledd mann som vart sett i åkeren til den som var ferdig ilag med naboen Skurakallen kunne flyttast til den som sist var ferdig.

Og gå julebukk var brukt for-meir. Unge gutar kledde seg ut og gjekk i garå so folk fekk sjå dei. glette gjerne gjennom fjøsglaset til budeia slik at ho såg der var nokon ute. Det var ikkje halde for someleg og halde nokon sjau. Hovedtingen var oggå slik at folk var klar åver at det nokon ute og for.